

(2) REVEBJØLLA RINGLAR!

Tekst og tone:
FREDDIE LANGRIND

Sogn og Fjordanes fylkesblomst, som i min fantasi har noko magisk over seg ...

D A6 Bm Em



Har du sett meg i brattaste bakken der eg kneisar
løftar eg høgt mine bjøller, eg veit ingen

E E7 A7 G A7 D Dmaj7




6 stolt på gruset grunn? Eg legg kransar av blad i den karrige
her så høgreist som meg, eg har alt i meg sjølv for ein blømande

G D E7 A6 1. A7 A7/E D



12 runn mellom smålåtne stubbar og steinar, derfrå
veg. Eg vil opp, ikkje ut gjennom greinar! ei - nar!



Har du sett meg i brattaste bakken
der eg kneisar stolt på gruset grunn?
Eg legg kransar av blad i den karrige runn
mellom smålåtne stubbar og steinar,
derfrå løftar eg høgt mine bjøller,
eg veit ingen her så høgreist som meg,
eg har alt i meg sjølv for ein blømande veg.
Eg vil opp, ikkje ut gjennom greinar!

Eg er fingerbjørgsblomen med frekner,
og gir nektar raust til humle og bi,
mine hundrede beger flyg ingen forbi
utan først å ha drukke av olla.
Eg er barn av det enklaste enkle.
Likevel magi du kanskje har ant?
At det ligg noko evig og finstemt formant
hist i sevja som stig opp av molda.

Har du sansa i midtsommarnatta
at dei svermar om meg, tusse og gnom?
Du skal vite eg er ikkje berre ein blom,
men ei vakker og blygsam prinsesse.
Har du høyrte meg når fullmånen manar?
At det brått blir stilt i lier og lund
og naturen held pusten den heilage stund
då eg ringlar til Skaparens messe.

*På eigedomen Freden i indre Vestfold
satsa vi på revebjøller. Oppslagsverk
seier at ho kan bli opptil 150 cm høg,
men vi fekk fram ei med sterk nok
«rygg» til å bære heile 222 cm.*